

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - L71, FE - 144	16/484

Saknr	Utval	Type	Dato
069/2016	Formannskapet	PS	14.06.2016
	Kommunestyret	PS	

Framlegg til bustadpolitisk plan for Masfjorden 2016 - 2020

Vedlegg:

Journalposttittel

Bustadplan for Masfjorden kommune utkast av 02. 06 2016

Bustadplan for Masfjorden kommune- framlegg av 03

Dato

03.06.2016

03.06.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til bustadpolitisk plan av 03.06.2016 for Masfjorden kommune 2016 – 2020 vert godkjent.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Frå politisk hald i Masfjorden har ein sakna ein plan som ivaretek eit heilskapleg syn på bustadpolitikken.

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak i sak 111/2015: «**Oppmoding om busetting av flyktningar for 2016 – 2019**»:

Masfjorden kommune vedtek å busette 61 nye flyktningar som rammetal i perioden 2016 – 2019. Rådmann får fullmakt til å disponere disse plassane innanfor det enkelte året, i samarbeid med fylkesmannen i Hordaland og IMDI.

Rådmannen utarbeidar ein bustadplan, for å kunne busetja inntil 61 flyktningar i perioden 2016 - 2019 i tråd med kriteriar nemnt i saksførebuinga.

Formålet med planen er å avklare kva for hovudsatsingsområde innan bustadbygging kommunen skal arbeide med i planperioden, og vise kva for bustadpolitiske verkemiddel kommunen kan bidra med for å stimulere til bustadbygging.

Planen skal gje oversyn over kommunal bustader, tilrå bruk eller sal av dei det ikkje er

bruk for og vise behovet for nye bustader.

Planen skal vise kva for retning kommunen skal gå i bustadpolitikken og kva for tiltak som skal vektleggast.

I kommuneplanen sin samfunnsdel av 2012 er det nedfelt eitt hovudmål knytt til busetnad:

· **Livskraftige bygder og auka folketal**, og med følgjande delmål:

1. **Bustadutvikling langs aksen Skjelsundet – Kvamme**, og med følgjande tiltak:
 2. Etablere byggeklare tomter for einebustader og småhusvære
 3. Synleggjera og vurderer aktuelle bustadområde som medverkar til fortetting i kommuneplanen sin arealdel.
 4. Områdeplan for byggeområde og vegløyser på Sandnes
 5. Områdeplan for byggeområde Skjelsundet – Hosteland med gangveggar

Under temaet «kommunal eigedom» er følgjande hovudmål nedfelt:

Masfjorden kommune skal ha ein teneleg bygningsmasse i god stand, og med følgjande delmål knytt til temaet:

1. **Masfjorden kommune skal ha ulike typar utleigebustader som dekkjer behovet for bustader til innbyggjarar med særskilte behov og gjennomgangsbustader for egne tilsette**, og med følgjande tiltak: 1.
Aktiv forvaltning av dei kommunale bustadane.

I planen kjem administrasjonen med framlegg til mål og strategiar for bustadbygginga, samt med konkrete framlegg til tiltak for å styrka bustadbygginga for alle grupper i Masfjorden kommune.

Vurdering:

Rådmannen ønskjer med planframlegget å opna for gode politiske drøftingar knytt til bustadbehovet i kommunen, og at ein etter at drøftingane er avslutta har fått eit tydeleg politisk mandat til å arbeide vidare med alle typar bustadutfordringar i Masfjorden kommune. Planen vert definert som ein sektorplan, og den har difor ikkje har vore på noko høyring. Det skuldast kapasitetsmessige grunnar, og at ein er usikker på om ei høyring vil vera føremålsteneleg. Administrasjonen har lagt vekt på å følgja opp tidlegare vedtak og føringar gjort i kommunestyre knytt til både kommuneplanar og einskildsaker, og meiner at saka er tilstrekkeleg opplyst til at det kan gjerast eit vedtak om å godkjenne framlegget til bustadpolitisk plan.

Konklusjon

Rådmannen meienr at framlegg til bustadpolitisk plan dagsett 03.06.2016 kan godkjennast.

Om det er ønskjeleg av politiske grunnar å sende planen ut på høyring kan det greitt gjennomførast, men då må høyringsfristen vera romsleg på grunn av sommarferie m.v.

Formannskapet - 069/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Framlegg til bustadpolitisk plan av 03.06.2016 for Masfjorden kommune 2016 – 2020 vert godkjent.